

HAREID ROTARY KLUBB



MÅNEDSBREV FEBRUAR 2003.

ÅRGANG 39

DISTRIKT 2280

Møtedag: Mandag kl 18.00 – 19.00

Møtested: Klubbhuset til
Hareid IL
6060 Hareid

President: John Stennes

Visepres.: Elisabeth Sundgot

Sekretær: Trygve Riise

Kasserer: Oddvar Haugen

Past pres.: Johs. J. Hareide

Styremedlem: Ingar Bigset

Styremedlem: Arve R. Røyseth

Leiar ungdoms

utveksling: Hans Gisle Holstad

Ansv. Red.: Arne Lillebø

Referent i feb. Gunn Berit Gjerde

Fødselsdager i mars:

Svein Johs. Flø 01.03

Jacob Pieroth 07.03

Jarle Klungsøyr 26.03

100%frammøte i februar:

Johs. J. Hareide, Oddvar Haugen,
Walther Jenssen, Svein Egil Kleppe,
Arve Røyset, Arne G. Grimstad, Jarle
Klungsøyr, Gunnar Riise, Trygve Riise.

***Latter kan brukes på så mange
måter:***

***Politisk som ren terapi,
som ingenting, men det
finnes også latter som hjelper
deg til å klare noen av de store
uhyggelige tingene,
du ikke vet hvordan du skal
takle.***

Ulf Pilgaard

Møte 03. februar 2003

Etter ei tradisjonell opning med song, denne gongen Blant alle lande i øst og vest, ga presidenten ordet til Oppvekstsjef Hans Gisle Holstad. Tema var **Kvalitetskriteriar i skulen**. Mykje av bakgrunnen for foredraget var diskusjonane om kva som var årsak til skilnadene i karakterane i Ulstein og Hareid. Ved offentleggjering av karakterane i ungdomskulen kom det fram av elevane i Ulstein fekk betre karakterar enn elevane i Hareid. Oppvekstsjefen innleia med historia om kulen der det i starten var born av rike foreldre som fekk skuleundervisning - via avgrensa inntak av dei flinkaste elevane i rael skulen og gymnas til dagens skule for alle born. 9-årig skule eller einskapsskulen kom på 70-talet.

Tanken var at dei 9-årige skulen først skulle byggast ut med ein teoridel - seinare med ein praktisk del. Den praktiske delen kom aldri, og mange elevar som er praktisk orienterte slit. Bondevik-regjeringa med høgrestatsråd har innført ein ny tradisjon i skulen: det skal bli meir konkurransne både mellom elevar og lærarar, og det vert innført ulik løn. Offentleggjering av karakterar i ungdomskulen er ein lekk i konkurransen. Ei EU-undersøking viser at Norge ligg midt på treet i lesing, matematikk. I samfunnsfag og kreativitet er vi dei beste i Europa. Dette er også i samsvar med den satsinga det har vore i norsk skule.

Sverige har rundt 1990 gjort det vi gjer no, dette førte til stor ulikskap mellom kommunane.

Det må lagast gode kriteriar for vurdering av ein skule. Karakterar aleine kan ikkje seie om skulen er god eller dårleg: miljøet må vurderast, sosiale føresetnader må vurderast o.s.v. Når det gjeld økonomisk satsing på skulen ligg hareid midt på treet - om lag der vi skal vere.

Etter foredraget vart det god diskusjon der mange hadde ordet både om einskapsskulen, konkurranse og grunnar til at ulsteinelevane fekk betre karakterer enn hareidselevane. Johs Hareide etterlyste ei undersøking på UVS om karakternivået mellom Ulstein og Hareid etter 3 år der. Det ville syne om det verkeleg var skilnad på kunnskapsnivået mellom elevane, meinte han.

Møte 10. februar 2003

Presidenten ønskte velkomne og overlet ordet til AETAT s leiar Elisabeth Sundgot. Ho ville orientere oss om korleis arbeidsmarknaden var i vår region, men ga først ei oversikt over korleis Aetat arbeider.

Aetat har tre arbeidsteam som jobbar med : 1. formidling av jobbar 2. Oppfølging med attføring, kurs og 3. økonomi, saksbehandling av dagpengar, attføring og attføringsstønad. Aetat har nettside med den største oversikt over ledige jobbar i Norge. Ca. 420.000 treff pr. dag. Gjennom internettsida kan du teste deg sjølv, skrive CV og abbonere på jobmail.

Aetat har oppslagstavle, arbeidsplassar for jobbsøkjande, tiltak med AMO-kurs, lønstilskot til arbeidsgivar for praksis.

Aetat har også fleire arbeidsmarknadstiltak.

Arbeidsmarknaden pr. jan. 2003 viser at det i Norge er 25,4 % auke i arbeidsløysa siste året. 4,1 % er heilt ledige. I Møre og Romsdal er det ein auke på 31,13 % med 3,6 % heilt ledige.

I Ulstein er det ein auke på 101,6 % med 4,9 % heilt ledige. Regionen har den høgste ledigheita i Møre og Romsdal. Av kommunane er situasjonen slik: Vanylven har 7,2 % heilt ledige, Sande har 3,2 % , Herøy har 5,3 %, Ulstein har 4,1% og Hareid har 4,9 % heilt ledige.

Elisabeth meiner at tala på arbeidslause vil halde fram med å auke ut februar, men så kjem arbeidsmarknadstiltaka i gang slik at tala vil gå ned i mars. Men dette er ein kunstig nedgang.

Det vert sett i gang nye kurs i reknskap, data, hjelpepleiar, teorikurs for fagbrev i fiskeindustrien, jobbsøknadskurs og motivasjonskurs.

Møte 17. febrnar 2003

Møtet vart halde på den nye sjukeheimen med det nye sjukeheimskjøkkenet som tema. Leiar ved kjøkkenet, Magnar Hatløy tok i mot viste rundt og orienterte. Kjøkkenet er heilt moderne og er bygd for framtida. Det har vorte ein svært god arbeidsplass for dei tilsette med eiga personalgarderobe og toalett.

Kjøkkenet skal lage varm middag kvar dag og er dimensjonert for å kunne lage 300 porsjonar for dag. I dag vert det laga 120 porsjonar til dei som er innan for pleie- og omsorg, og det ersåleis kapasitet til å forsyne andre kommunar med varm middag.

For å lette produksjonen er det investert i vakumeringsmaskin. Det er seks heile stillingar ved kjøkkenet.

Møte 24. februar 2003

Programfritt med kaffi og svele og god drøs rundt borda. Presidenten orienterte om at 34 personår stod på lista over personår som skulle inviterast til å bli nye Rotary-medlemmer. Namna vart gjennomgått. Det blir presentasjon av namn og faddarar på andre møte i mars.